

Takstretningslinjer for buss/hurtigbåt i Møre og Romsdal frå 01.01.2021

Reisande skal ha gyldig billett til reisa. Billett kjøper ein billigast på førehand gjennom mobilappen FRAM eller gjennom å registrere eit Reisekort. Billett kan og normalt kjøpast om bord på buss eller båt. FRAM har rabatterte billettprisar for barn, studentar, vernepliktige og for reisande med rett til honnørbillett.

Reisande er sjølv ansvarleg for å løyse rett billett. På førespurnad, ved om bord-stigning eller ved billettkontroll må billett og nødvendig legitimasjon visast fram. Reisande som ved kontroll ikkje kan vise gyldig billett, skal i tillegg til billett betale eit gebyr på kr 500,- ved betaling på staden. Viss det må sendast faktura, vert gebyret sett til kr 750,-.

Vaksen: Person frå 18-67 år

Barn:

Barn under 6 år som ikkje reiser aleine, reiser gratis (Unnatak er barnehage på tur og skoleskyss)

Reisa skal registrerast med billettpris kroner 0,-

Barn frå 6 til 17 år betaler barnepris.

Periodebilletter med barnerabatt må aktiverast seinast dagen før du fyller 18 år.

Barnehagane kan reise med bussane utan å betale for ungane på bussavgangar etter kl. 0900 og før kl. 1300. På hurtigbåt gjeld egne reglar.

Student: Person som studerer på full tid ved universitet, høgskole, akademi og tilsvarande, eller heiltids elev ved vidaregåande skole.

Gyldige bevis: Skolebevis frå vidaregåande skole, fagskolen i Ålesund eller fagskolen i Kristiansund, studentbevis med kvittering for betalt semesteravgift. Studentbevis for vårsemesteret gjeld til og med august, og studentbevis for haustsemesteret gjeld til og med januar.

Vernepliktig: Vernepliktig som er inne til førstegangsteneste. Bevis er innkallingsbrev, studentbevis frå krigsskolen eller forsvarrets blå id-kort

Honnør: Person over 67 år, person med uførebevis frå NAV eller person som er blind. Ektefellen eller partnaren får og honnørrabatt på enkeltreiser når dei reiser saman. Reisande må kunne vise legitimasjon som dokumenterer rett til honnørrabatt.

Føljeperson: Person som følger ein reisande som har kommunalt ledsagarbevis. Føljeperson skal registrerast med billettpris kroner 0,-

Enkeltbillett: Betaling for ei enkelt reise. Det er sonebillettering i Møre og Romsdal, og taksten bereknast utifrå tal soner frå og med avreise til og med reisas slutt punkt.

**) Student som viser gyldig studentbevis kan kjøpe rabatterte billetter på lengre reiser, normalt meir enn 40 km.*

Periodebillett: Periodebillett er betaling for å reise eit fritt tal reiser innafor ei strekning (område).

- Periodebillett 24 timar, tilgjengeleg for vaksen, barn og honnør
- Periodebillett 7 dagar, tilgjengeleg for vaksen, barn og honnør
- Periodebillett 30 dagar, tilgjengeleg for student, vaksen, barn og honnør

FRAM Ung Periodebillett 30 dagar som gir rett til eit uavgrensa tal reiser innan Møre og Romsdal i den perioden billetten gjeld for. Billetten gjeld aldersgruppa til og med 24 år. Billetten gjeld ikkje på nattbussar, flybussar og på kommersielle ruter. Reisande må vise gyldig aldersbevis på førespurnad.

FRAM Student Periodebillett 30 dagar som gir rett til eit uavgrensa tal reiser innan Møre og Romsdal i den perioden billetten gjeld for. Billetten gjeld ikkje på nattbussar, flybussar og på kommersielle ruter. Reisande må kunne vise gyldig studentbevis på førespurnad.

Reisekort

Reisekort er eit plastkort som kan fyllast med billettar eller reisepengar som for eksempel FRAM Ung eller periodebillett 30 dagar. Reisekort er upersonlege, men du kan velje å registrere kortet ditt i ditt namn. Fordelen med det er at du kan logge deg inn i nettbutikken og sjå innhald på kortet eller sperre kortet. Når kortet er registrert kan ein og få overført restsaldo til eit nytt kort viss ein mister kortet.

Reisegods: Inkludert i billetten er utanom handbagasje, inntil to kolli, totalt 30 kg. Større gods som sykkel, spark og liknande kan takast med i den grad det er plass.

Barnevogn: Barnevogn kan takast med gratis viss det er plass om bord.

Hund: Hund kan takast med mot betaling som for barn 6-17 år. Det skal ikkje betalast billett for førarhund, politihund eller annan tenestehund i teneste.

Særskilte rabattar på hurtigbåt:

Familierabatt: Når ein familie (far/mor og barn i alderen 6-17år) reiser saman og løyser felles billett får alle 25% rabatt på enkeltbillett.

Rundreiserabatt: For reise utan ilandstigning blir det gitt 35% rabatt på ordinær tur/returpris.

Hovudregelen er at den reisande må vere om bord under heile turen.

Grupperabatt: Grupper på meir enn 10 personar som reiser samla og løyser felles billett, får 30% rabatt på ordinær enkeltbillett takst. Grupperabatten gjeld berre vaksne og barn, ikkje for t.d. vernepliktige og honnørreisande, men dei kan telje med for å utgjere ei gruppe.

Særskilte rabattar på buss:

Interrail/Eurorail: Railarar får 50% rabatt på ordinær vaksen billett på togbussane FRAM Ekspress rute 420 Åndalsnes-Molde og FRAM Ekspress rute 681 Åndalsnes-Ålesund mot å vise fram gyldig rail-billett.

Refusjonar og gebyr

Krav om refusjon meldast til billettavdelinga ved Fram Kundesenter.

Periodebillett 30 dagar kan løysast inn i den perioden det er gyldig for. Det vert sett på som om billetten er nytta t.o.m. den dag billetten vert sperra. Refusjon vert gjeve etter denne formelen: Pris for periodebillett med frådrag av 2 reiser pr. dag til enkeltbillett minus 17% rabatt.

Refusjon av periodebillett 30 dagar ved sjukdom: Billetten blir sperra for bruk, og refusjon vert gjeve mot legeerklæring med 1/30 av kortprisen (30-dagers kort) pr. dag kortet ikkje har vore nytta.

Gebyr

Reisande som ved kontroll ikkje kan vise gyldig billett eller kort, skal i tillegg til billett betale eit gebyr på kr 500,- ved betaling på staden. Viss det må sendast faktura, vert gebyret sett til kr. 750,-.